

# Eksamen

24. mai 2018

HSE3001

Helsefremjande arbeid

Helsefremmende arbeid

**Programområde: Helsesekretær**

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Vurderingsretteleing:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Det er kompetansemåla i læreplanen som utgjer grunnlaget for vurderinga av eksamenssvaret</li><li>• Beskriv alle vala du tek og grunngi dei fagleg</li><li>• Bruk fagterminologi når du svarer på oppgåvene</li><li>• I vurderinga blir det lagt vekt på at du uttrykker deg tydeleg og fagleg korrekt</li><li>• Direkte avskrift frå kjelder fører til låg måloppnåing og blir vurdert til lågaste karakter.</li></ul>
<b>Vedlegg</b>	Ingen

## Oppgave 1

Som helsesekretær på eit legesenter med to fastlegar skal du i dag ta hand om følgjande pasientar:

Siri Larsen, 30 år, er gravid og skal inn til legen for kontroll.

Ho slit med overvekt frå før og legg også på seg mykje i svangerskapet.

- a) Du skal gi råd om kosthald til Siri Larsen. Grunngi svaret.
- b) Kva for plager og komplikasjonar kan oppstå under svangerskapet? Grunngi ut frå Siri Larsens situasjon.

## Oppgave 2

På venterommet sit fleire pasientar med influensasymptom. Dei hostar, nys og har feber.

- a) Gjer greie for tiltaka du bør sette i verk på venterommet for å skjerme dei andre pasientane for smitte.
- b) Grunngi ut frå lovverket korleis du som helsesekretær går fram for å utføre smitteførebyggande tiltak sett i eit samfunnsperspektiv.
- c) Ei mor kjem til deg i luka. Ho lurar på kva du kan anbefale av legemiddel til sonen på 4 år som har influensasymptom. Grunngi anbefalingane dine.

## Oppgave 3

Ei gravid mor ringer legekantoret og fortel om dottera si på 3 år som går i barnehagen. Ho har feber og nokre væskefylte blemmer på ryggen. Mora trur det er vasskoppar.

- a. Gjer greie for sjukdomsforløpet til vasskoppar.
- b. Vurder tiltak du anbefaler mor å sette i verk. Bruk eksempel.
- c. Gjer greie for tiltak som bør settast i verk med omsyn til barnehagen.

## Bokmål

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Vurderingsveiledning:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Det er kompetansemålene i læreplanen som utgjør grunnlaget for vurderingen av eksamensbesvarelsen</li><li>• Beskriv alle valg du tar og begrunn dem faglig</li><li>• Bruk fagterminologi når du besvarer oppgavene</li><li>• I vurderingen vil det legges vekt på at du uttrykker deg tydelig og faglig korrekt</li><li>• Direkte avskrift fra kilder innebærer lav måloppnåelse og vil bli vurdert til laveste karakter.</li></ul>
<b>Vedlegg</b>	Ingen

## Oppgave 1

Som helsesekretær på et legesenter med to fastleger skal du i dag ta hånd om følgende pasienter:

Siri Larsen, 30 år, er gravid og skal inn til legen for kontroll.

Hun sliter med overvekt fra før og legger også på seg mye i svangerskapet.

- a) Du skal gi kostholdsrad til Siri Larsen. Begrunn svaret.
- b) Hvilke plager og komplikasjoner kan oppstå under svangerskapet? Begrunn ut fra Siri Larsens situasjon.

## Oppgave 2



På venterommet sitter flere pasienter med influensasymptomer. De hoster, nyser og har feber.

- a) Gjør rede for tiltak du bør iverksette på venterommet for å skjerme de andre pasientene for smitte.
- b) Begrunn ut fra lovverket hvordan du som helsesekretær går fram for å utføre smitteforebyggende tiltak sett i et samfunnsperspektiv.
- c) En mor henvender seg til deg i luken. Hun lurar på hva du kan anbefale av legemidler til sønnen på 4 år som har influensasymptomer. Begrunn dine anbefalinger.

## Oppgave 3

En gravid mor ringer legekantoret og forteller om sin datter på 3 år som går i barnehagen. Hun har feber og noen væskefylte blemmer på ryggen. Moren tror det er vannkopper.

- a) Gjør rede for sykdomsforløpet til vannkopper.
- b) Vurder tiltak du anbefaler mor å iverksette. Bruk eksempler.
- c) Gjør rede for tiltak som bør iverksettes med hensyn til barnehagen.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)